



Roger Aase  
Ikenberget 29  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2177 - 19/23375

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
07.08.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/567 Alver

Tiltak: garasje  
Byggjestad: Gbnr: 137/567  
Tiltakshavar: Roger Aase  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.07.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Garasjeplassering er i strid med byggegrensa i reguleringsplanen. Det må enten søkast om anna plassering/størrelse som ikkje kjem i konflikt med byggegrensa eller søkast om dispensasjon. Skissert plassering ligg tett opp mot kommunal veg og midt i ein sving, dette kan påverke siktilhøva langs den kommunale vegen. Dersom det vert søkt om dispensasjon vil byggesak be om uttale frå vegavdelinga i kommunen med omsyn til plassering. Det kan difor være lurt å avklare med vegavdelinga kva plassering som vil være akseptabel med omsyn til den kommunale vegen. Reguleringskart og føresegner ligg vedlagt dette mangelbrevet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.



**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Ikenberget 22.9.1988 kart  
Reg.føresegner 2000

**Mottakarar:**

Roger Aase

Ikenberget 29

5911

ALVERSUND